

Dykkar dato:
12.04.2021

Dykkar ref:

Ullensvang kommune
Opheimsgata 31
5750 ODDA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Ullensvang kommune - Budsjett 2021 - Økonomiplan 2021 - 2024

Ullensvang kommunestyre har i møtet 17.12.2020, sak 209/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer vi at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

Oppsummering

Kommunen har svake netto driftsresultat, særleg på bakgrunn av kommunen sine høge eigedoms-skattelinntekter og andre kraftinntekter. Det er viktig at ein større del av dei høge inntektene blir frigjort frå drifta og i staden nyttta til avsetjing i fond.

Kommunen har for lite disposisjonsfond. Kommunen vil vere økonomisk sårbar med så lite disposisjonsfond som no. Fondet bør bli opparbeidd til ti prosent av driftsinntektene eller mellom kr 140 mill. og kr 150 mill. i løpet av nokre år.

Kommunen bør dempe veksten i lånegjelda i dei komande åra. Svake netto driftsresultat er eit uttrykk for at kommunen ikkje har økonomisk grunnlag for ein stor vekst i lånegjelda i åra framover.

Budsjett 2021

I førebels rekneskap for 2020 er det eit netto driftsoverskot med om lag kr 6 ½ mill. Det utgjer 0,4 prosent av driftsinntektene.



Netto driftsoverskot i budsjettet for 2021 er kr 11,6 mill. Det utgjer 0,9 prosent av driftsinntektene.

Kommunen har budsjettet med kr 312,7 mill. i skatt på eige og inntekt for 2021. I tillegg til dette kjem naturressursskatt med kr 43,0 mill.

Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettet med til saman kr 765,2 mill., medrekna naturressursskatt.

Inntektsprognosene for 2021 er no oppdatert med innkomen skatt i 2020. Skatt og rammetilskot er ikke budsjettet for høgt samanlikna med den siste inntektsprognosene. Kompensasjon for koronapandemien i første halvår inngår i denne prognosene.

Det er budsjettet med kr 107,1 mill. i egedomsskatt for 2021. Innkomen egedomsskatt i 2020 var om lag kr 103,4 mill.

Det er gjort vedtak om å skrive ut egedomsskatt etter egedomsskattelova § 3 bokstav d (energi-anlegg og næring). Tidlegare Ullensvang herad hadde egedomsskatt på bustader og fritids-eigedomar. Det er ikke gjort vedtak om å innføre egedomsskatt i den nye kommunen.

Det er budsjettet med heimfallsinntekter kr 13,6 mill. og sum kraftinntekter kr 48,7 mill. Desse inntektene er innarbeidd med same årlege beløp i heile planperioden.

Det er budsjettet med utbytte kr 6,0 mill. Dette er utbytte frå Hardanger Energi og Odda Energi. Innkomen utbytte i 2020 var om lag det same. Utbytte er inntektsført med same årlege beløp i heile planperioden.

Det er budsjettet med kr 48,2 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Alle lån er budsjettete med ei avdragstid på 25 år, det vil seie 4 prosent årleg. Dette er i samsvar med det vi har tilrådd kommunen.

I 2021 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 283,6 mill. Av dette utgjer avgifts-finansierte investeringar i VAR-sektoren til saman kr 110,96 mill. Dei største investeringane elles er i ny sjukeheim Eide og i Jondal skule.

Investeringane i VAR-sektoren blir lånefinansierte fullt ut. Dei andre investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån. Ein mindre del av investeringane blir finansiert med overføring frå drifta.

Det er budsjettet med startlån til vidare utlån, kr 30,0 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 er kr 1192 mill. Dette utgjer 81,3 prosent av sum driftsinntekter, eller om lag kr 108.400,- per innbyggjar.

Økonomiplan 2021 - 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.



I økonomiplanen er det for perioden 2022-2024 lagt opp til ein auke i netto driftsoverskot samanlikna med nivået i 2021. Det er planlagt å auke netto driftsoverskot til mellom 1,3 prosent og 1,9 prosent av driftsinntektene i planperioden frå 2022 til 2024.

Kommunen sitt disposisjonsfond var ved utgangen av 2020 kr 40,7 mill. Det utgjer 2,8 prosent av driftsinntektene. Det er planlagt bruk av disposisjonsfond med kr 3,6 mill. i 2021. For dei neste åra i økonomiplanperioden er det lagt opp til avsetjing til fondet.

I økonomiplanen er det rekna med at kommunen si lånegjeld kjem til å auke vesentleg i planperioden som følgje av store investeringar og låneopptak. Låneopptaka er både knytt til ordinære investeringar og VAR-investeringar. Det inneber ein vesentleg auke i kommunen sine samla utgifter til renter og avdrag gjennom planperioden.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Fellesnemnda vedtok i september 2018 handlingsreglar og måltal for den nye kommunen:

- Disposisjonsfond skal vere på ti prosent av brutto driftsinntekter
- Netto driftsresultat skal vere på fire prosent av brutto driftsinntekter
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere under landsgjennomsnittet inkl. Oslo

Fellesnemnda la til grunn at målsetjingane skal vere nådde innan utgangen av 2022.

Statsforvaltaren sine vurderinger

Kommunen har svært høge inntekter frå eigedomsskatt og andre kraftinntekter. Desse inntektene blir i hovudsak brukte til driftsføremål. Kommunen sine netto driftsoverskot, til dømes i førebels rekneskap for 2020 og i økonomiplanen for 2021-2024, er svært låge samanlikna med nivået på dei høge eigedomsskatteinntektene og andre kraftinntekter.

Ein mindre del av eigedomsskatteinntektene må nyttast i den ordinære drifta. Kommunen må frigjere ein større del av inntektene til avsetjing disposisjonsfond og til framtidige investeringar. Dette vil gi større økonomisk handlefridom over tid. Med kommunen sine høge inntekter, bør kommunen ha årlege netto driftsoverskot på minst fire prosent av brutto driftsinntekter i samsvar med måltala.

Kommunen har målsetjing om eit disposisjonsfond på ti prosent av brutto driftsinntekter. Disposisjonsfondet var berre 2,8 prosent av driftsinntektene ved utgangen av 2020, basert på førebels rekneskap. Fondet bør bli opparbeidd til ti prosent av driftsinntektene, i samsvar med måltalet. Det utgjer mellom kr 140 mill. og kr 150 mill. I dei vedtekne handlingsreglane er det lagt til grunn at kommunen skal nå dette nivået på fondet innan utgangen av 2022. Vi vurderer det som ikkje realistisk. Målsetjinga om eit disposisjonsfond på dette nivået må stå ved lag sjølv om det tek noko lengre tid å nå målet enn lagt til grunn i fellesnemnda sitt vedtak.



Kommunen har også eit måltal om at netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere under landsgjennomsnittet inklusiv Oslo. Dette måltalet er oppfylt for 2020. Dette må sjåast i samanheng med at kommunen har høge inntekter som bidreg til at nøkkeltalet for kommunen blir lågare. Nøkkeltalet er difor ikkje tenleg som utrykk for kommunen sitt gjeldsnivå åleine. Lånegjelda må sjåast i samanheng med netto driftsresultat. Kommunen sine svake netto driftsresultat er eit uttrykk for at det er viktig å dempe veksten i lånegjelda.

Vi rår kommunen til å avgrense nye lånepottek i stor grad i åra framover. Når nødvendige investeringar i år og neste år er ferdiggjorde, bør lån i hovudsak vere avgrensa til investeringar som er sjølvfinansierande gjennom auka inntekter.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Brevet er godkjent elektronisk

Gjenpart:

Vestland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutval, Postboks 7900, 5020 Bergen